



Svein Arne Eidsvik med sine skotske gjester under dåpsseremonien, Reiar Ian Buchan står til høgre saman med kona og gudmora Janice Buchan. Dei andre på biletet er den nære familien til reieren. (Foto: Arne Lindeflaten, Kvinnheringen)

Laurdag var det står stas på Eidsvik Skipsbyggeri då trålaren Quantus vart døypt. Båten skal leverast til eit skotsk reiarlag og fleire av gjestene frå den andre sida av Nordsjøen stilte i nasjonaldraktar

Det var rundt 150 frammøtte på kaien då gudmora Janice Buchan let champagneflaska smella mot skipssida på byggenummer 74. Uskedal skulemusikk stod for den musikalske underhaldninga.

På vegne av velferdsklubben tok John Skogtun og Leif Arne Røssland i mot 80.000 kroner ettersom både reiarlag og skipsbyggeri var i det rundhanda hjørne denne flotta meidagen, skriv Kvinnheringen.

- De kan vera stolte over skipet som de har bygd, sa reiar Ian Buchan.
Båten dreg ut på havet om eitpar veker.
Den har kosta 200 millioner kroner.